




Øyvind Sture i rollen som St. Peter, er snart ferdig med verket

Alt er i rute med førebuingane til Festidalen. Det slår Anbjørn Høivik i leiinga fast i føremiddag torsdag og festivalområdet ber da også preg av det. Her er det meste på plass - til og med porten der alle skal slusast inn og som er plassert ved eit hol i steingarden. Vi kan kalla han Perleporten ettersom han leiar inn til alle dei musikalske perlene.



Porten er markert på denne skissa

Den lokale St. Peter Øyvind Sture var tydeleg fornøgd med verket då dei siste høyrå var på plass i portkonstruksjonen og ein atter ein gong kunne slå fast at høy er eit fantastisk materiale som kan nyttast til langt meir enn å etast. Til dømes gjer det susen kvart einaste år i kulissane til Peer Gynt ved Gålåvatnet i Gudbrandsdalen.

Ellers er det meste klart på arenaen bortsett frå innmaten i scena som skal sørge for lyd og lys. Når det gjeld det siste har Seigmen eit spesielt behov, men Anbjørn

peikar beroligande på ein grøn kabel og forsikrar at den vil bringe straum nok fram til dei seige mennene og lys-showet deira..

Atmosfæra er prega av det motsette av kva ein vil oppleva når det brakar laus fredag ettermiddag - freden er no berre broten av bjølleklang frå utmarka.

Men den er også med og lagar ein heilskap som strekar under at dette verkeleg skal vera ein FEST I DALEN.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Fin port i eit mjukt landskap